


SUNNHORDLAND



Onarheim side 37

1916 – 1917

Ei kjærleikssoga.

(Fortald av *Arne Stuland* etter Sunnhordlands tingbok
for aaret 1655.)

Enkjekona Kristi Sigvardsdotter budde paa Kjærland i Uskedalen. Sonen hennar, Samson, hadde teke imot halve garden.

Preste-enkja — etter Paal Masson Alstrup — Elsa Eriksdotter budde paa Fet i Aamvikedalen. Dotter hennar, Maren, var gift med soknepresten til Kvinnherad, Hans Taraldsen heitte han. Ei onnor dotter hennar, Anna, hadde trulova seg med Samson Kjærland imot moderi, Elsa Eriksdotter, sin vilje. Naar ho fekk vita kva dei unge hadde fyre, gav ho mykje vondt fraa seg, og let at det var «meget utilbørlig gjort» av deim aa trulova seg — henne uspurd.

Anna Paalsdotter vilde ikkje venda hugen fraa Samson Kjærland, og moderi sende henne ut or bygdi — til «Berven» i Hardanger. Men gjenta var skrivefør, og sende brev til guten, at han skulde henta henne heim. Han so gjorde, og dei two gjekk med same fram for Svaret vart som fyrr. Raadsmannen paa Fet, Jon Sanderson vitna seinare pa tinget, at han den dagen stod nede paa bœn og slo. Daa Samson stogga hjaa honom, kom Anna graatande ned til deim. Samson sa daa til henne : Eg kann ikkje gjera noko med dette; du fær vera hjaa mor di til me kann faa gode folk til aa be for oss hjaa henne».

Daa for Samson Kjærland til Helvik og fekk Anna Katrina, den tyskfødde frua aat Anders Axelson (Mouath), til aa fara inn til Fet og tala hans og Anna si sak. Moderi Kristi Kjærland var med. Han bad ogso Margreta Offesdotter (Dahl) i Sandviki til same ærend. Til Margreta svara Elsa at var det ikkje anna ho vilde, so kunde ho sjølv «gaa til hannem». Men Margreta meinete at det var best dei fekk ein annan, som endeleg vilde isaman. Dei andre fyretalskvinnor ne hadde helder ikkje

lukka med seg. Elsa vart snytande sinna og sa tilslutt til dotteri : «Dersom du ikkje vilt lyde mit raad, saa gaae saa mange djæfler i vold !» Anna svara so, at ho kunde ikkje halda det ut heima. Det ordet var og utkomme, at Elsa hadde stengt henne inne, teke arbeidet fraa henne «lukket og laast for hende og forment hende Øll og mad.»

Naar so fru Anna Katrine og Kristi Kjærland for ut gjennom Holmsund — ved Fitjaholmen —, kom Ludvik i Sandviki og ropa etter deim, at dei maatte venta; ei gjen-ta vilde snakka med deim. Det var Anna, som no var paa vegne utsyver til Kjærland; og ho fekk slaa fylgje.

11te sundag etter treeiningshelg var Kristi og Samson Kjærland og Anna, prestedotteri med deim til kyrkje ved Kvinnher's-krykja. Preste-ekkja Else Eriksdotter var der og. Paa nedveg fraa kyrkja til sjøen gjekk Elsa og dotteri Maren — prestefrua daa var — burt til Anna og vilde hava henne med seg til Fet. Naar ho so ikkje vilde det, freistad dei aa draga henne med seg til Else sin kyrkjebaat. Anna kasta seg ned paa marki og ropte paa Samson Kjærland, som var nære ved. Han kom og reiste henne upp. Da sprang prestefrua, Maren, pa honom og slog honom i andlitet. So lyfte Samson handi i høgd med hovudet og sa : «De hev slege meg so mange øyrnafikar; eg skal gje' Dykk ein atter !» Torgeir Hjelmeland, som stod millom kyrkjefolket sa til honom : «La' vera! du slær burt retten din.» Og Samson slo ikkje, men slepte gjenta. Moderi og systeri for daa med henne burt til baatarne i skaalafjøra. Anna ropte til Samson : «Mit lamb ! kom og hjelp meg !» «Eg kann ikkje gullet mitt !» svara han. Med same Elsa og Maren vilde faa Anna upp i Fitjabaaten, rykte og reiv Anna i deim og vilde laus. Samson sprang til og vilde hjelpa. Just daa bar det so til at Elsa og Maren stupte i sjøen so det skvatt um deim, og Anna berga seg burt i henderne paa Samson og upp i Kjærlandsbaaten. Daa ropte Elsa paa Bernt Kraus, bror aat «skiktmasteren» ved koparverket paa Vettle-Dale i Ølve — han stod der i folkemugen — og bad honom hjelpa seg. Bernt bad Samson tenkja yver kva han gjorde; det var mykje at moderi ikkje skulde faa raada for sitt eige barn, tykte han. Men Samson vilde ikkje høyra pa det øyra. Marita Ripel som stod tett attmed sa til Anna : «Kjære deg, du maa fylgja moderi di.» Anders Torbjørnsson, husmann paa Landa, sa : «Sjølve hev dei skuldi for dei utskjemde kyrkjeklædi, dei som datt i vatnet.»

Anna for med til Kjærland.

Elsa stemde Kristi og Samson til haussttinget i Aam-

viki 1655, so dei kunde verta dømde for det at dei hadde teke dotter hennar. Ja, ho vilde ogso ha Anna refst.

Paa tinget kom det fram at Gunnar Lund hadde ført ei klædekista aat Anna til Kjærlandssjøbudi, der Lars Kjærland, bror aat Samson, tok imot henne. Samson gav — «paa Annas begjæring» Gunnar Lund eit stykke tobak for bryet.

Elsa lagde fram i retten eit brev med paastand um at Samson skulde føra heimatt dotteri med «klæder og smaatøi» og elles «at straffes som ved bør for saadanne hans begangne bedrifter». Han burde «lide og blive en skjelm.» Mot dette la Samson sit skriftlege innlegg, der han segjer at han ikkje hev «lokket eller stolet pige», og skyt til gjenta si eigi skriftlege utgreidning som er lagd fram i retten. Anna segjer der at Samson og moder hans ikkje hadde lokka henne til seg. Ho hev gjeve Samson sin «egteskabs tro med gode venners raad», segjer ho, «og udreist til Kjærland sig til rolig frelse». Han hev ingi skuld i rymingi, men ho «alene».

Elsa Eriksdotter vart tilspurd um ho viste noko uerlegt aa segja paa Samson Kjærland. Det viste ho ikkje «aleniste at han hadde gjort hende dette skalkagtige stokke ut supra».

Domen fall soleis at Kristi og Samson laut bøta 8 ørteiger (= 7 rdl.) og 13 mark (ort) sylv kvar «Och lade pige fredeligen och ubehindret til hendes moder at fare, med hvis klæder hun fra moderens hus med sig haver henbragt».

Anna Paalsdotter og Samson Larsen Kjærland vart likevel gifte seinare. Dei budde pa Kjærland all sin dag, og fekk søner og døtrar. Kjærlandsætti aatte den tid ikkje so faae gardar kring i Sunnhordland. Ætlingar etter Samson og Anna finst det den dag i dag i Uskedalen og elles videstads i Sunnhordlandsbygderne.